



Retningslinjer for tilskot til aktivitetstiltak i friluftslivets år 2025

Desse retningslinjene vart vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet 10. september 2024.

Formål

Tilskotsordninga er ein del av markeringa av friluftslivets år 2025 og skal bidra til eit større mangfald av friluftslivsaktivitetar og arrangement, og til at ulike aktørar på tvers av kultursektoren kan finne saman og skape friluftslivsopplevingar i heile Møre og Romsdal.

Aktivitetane skal bidra til begeistring for eit naturvennleg friluftsliv og senke terskelen for deltaking slik at fleire kan få gode opplevingar utandørs og finne ein aktivitet å trivast med over tid.

[Følg denne lenka for å lese meir om måla for Friluftslivets år.](#)

Hovudmålgrupper

Barn, ungdom og eldre, dei som vil vere meir aktive i naturen og dei som ikkje kjenner friluftslivet.

Kven kan søke om støtte?

- Frivillige lag og organisasjonar
- Kommunar og regionale kulturinstitusjonar, i samarbeid med frivillig aktør

Generelle krav som må oppfyllest

- Tiltak som får tilskot skal vere oppe for alle.
- Tiltaket skal bidra til å oppnå mål i planverket og måla for friluftslivets år.
- Tilskotet frå fylkeskommunen skal synleggjerast i marknadsføringa av tiltaket.

For å fremje tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. [Du kan lese meir om prinsippa ved å følge denne lenka.](#) Slik kan



prosjekt og tiltak vere tilgjengeleg for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive føresetnader.

Kva kan du søke støtte til?

Aktivitetstiltak og arrangement som treff formålet med ordninga. Størrelse på tilskotet vurderast opp mot budsjett for kvart tiltak, kor stor aktivitet som blir skapt og tilgjengelege midlar.

Kva blir det ikkje gitt støtte til?

- Ordinær drift
- Tiltak som allereie finst og er ein del av den eksisterande aktiviteten i organisasjonen.
- Prosjekt og tiltak som er gjennomført før 2025 eller som skal gjennomførast etter 2025.
- Prosjekt og tiltak som blir arrangert for å samle inn midlar.
- Politisk verksemd. Det betyr at politiske parti, ungdomspolitiske parti eller fagforbund ikkje kan søke
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser og liknande
- Innspeing og utgiving av litteratur, film eller musikk

Lista er ikkje uttømmande.

Slik prioriterer vi kven som får støtte

Søknadene blir vurdert og prioritert opp mot desse kriteria:

- Tiltak som når målgruppene.
- Tiltak som bidrar til at folk oppdagrar sin nærnatur, inviterer andre ut til friluftslivsaktivitet og/eller bidrar til at folk prøver nye friluftslivsaktivitetar.
- Tiltak som koplrar saman aktørar og stimulerer til samarbeid på tvers av kulturfeltet.



- Tiltak som kan vise til nyskaping, utvikling og som aukar mangfaldet av friluftslivsaktivitetar i fylket.
- Tiltak som òg får økonomiske støtte frå kommunen eller andre kjelder
- Tiltak som bygger opp under dei nasjonale konseptane for aktivitetar: o Heile Noreg bål (18. januar)
 - Friluftsknappen o Friluftslivets veke – 30. august–7. september
 - Heile Noreg saman på tur – 10. oktober
 - Heile Noreg feirar friluftslivet – 5. desember

Søknadsfrist

1. november

Søknaden må innehalde

Søknad må leverast elektronisk innan søknadsfristen. I tillegg må den innehalde:

- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter)
- Fyldig omtale av tiltaket
- Forklaring på korleis tiltaket treff prioriteringskriteria
- Det fylkeskommunale tilskotet kan maksimalt utgjere 50 prosent av totalbudsjettet

Vi behandlar ikkje søknader som er ufullstendige og som ikkje gir nok informasjon om tiltaket.

Vilkår for utbetaling

Vanlegvis utbetalast 75 prosent av tilskotet ved tildeling og resten etter at rapporten og prosjektrekneskapet er levert. Tildelinga kan maksimalt utgjere 50 prosent av det totale budsjettet. Dersom rapporten viser at den reviderte rekneskapen er lågare enn budsjettet, kan tilskotet bli avkorta.

Du må bruke pengane i Friluftslivets år

Tilskotet skal brukast i Friluftslivets år og kan ikkje overførast til 2026. Dersom sluttrapport ikkje er levert innan 1. februar 2026 blir tilskotet automatisk trekt tilbake.



Du må sei ifrå om endringar

Prosjektet eller tiltaket må gjennomførast slik det er søkt om. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.

Du må rapportere og føre rekneskap

Rapporten skal gjere greie for gjennomføringa av tiltaket eller prosjektet i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapen.

For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar over 350 000 kroner, skal rekneskap vere godkjent av autorisert revisor.

Rapport og rekneskap skal sendast elektronisk via fylkeskommunen sitt nettbaserte rapporteringsskjema.

Du må synleggjere støtta du får

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. [Logoen til fylkeskommunen finn du ved å følge denne lenka.](#)

Vi kan krevje at du må betale tilbake støtta

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile eller delar av støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Vi kan kontrollere korleis midlane er brukt

Vi kan kontrollere at tilskotet er brukt etter vilkåra. Viss du blir spurt, må du gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken.

Du har rett til å klage

Vedtak i tilskotssaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du kan klage innan tre veker frå den dato du får brev frå oss